



Notat

Dato: 07.09.2018
Arkivsak: 2018/368-11
Saksbehandlar: chaespe

Til: Linda Farestveit

Frå: Ronny Skaar

Kunst- og kulturformidlingsprogram i vidaregåande skular

Gjennom kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen (Den kulturelle skolesekken) formidlar Hordaland fylkeskommune årleg eit mangfald av kunst- og kulturproduksjonar til elevar i vidaregåande skular. Produksjonane har høg kunstnarleg kvalitet, og er ei kulturell oppleving for både elevar og lærarar. For mange av skulane kan produksjonane også vera verdifulle supplement til undervisninga.

Eit av prinsippa for Den kulturelle skolesekken er at den skal femne om alle elevar, uavhengig av kva skule dei går på og kva økonomisk, sosial, etnisk og religiøs bakgrunn dei har. Kunst- og kulturformidlingsprogrammet skal vera eit tillegg til ordinær undervisning, som noko særskild og ekstraordinært. Elevar innan til dømes elektrofag skal ha lik tilgang på kulturelle opplevingar i skuletida som elevar innan estetiske fag.

Programmet omfattar visuell kunst, scenekunst, musikk, litteratur, film og kulturarv. Formidlingsmåtane varierer frå reine opplevingar i sal til foredrag og verkstader. Ofte skjer det kulturelle møtet på skulen, men andre gonger får ein sjå ei framsyning på til dømes eit kulturhus eller lage glasmåleri på ein glasverkstad. Målsettinga er at alle elevar skal få oppleve breidda av kunstuttrykka, formidla på forskjellige måtar og forskjellige stader.

Med omsyn til skulen sin kvardag, får skulane årleg ei liste over produksjonar dei kan prioritere innan. Hordaland fylkeskommune prøver så langt det lar seg gjere å gje den einskilde skulen det den ønskjer. Dei siste tre åra har dekninga vore som følgjer:

Skuleåret 2015-2016				
<i>Turnétittel</i>	<i>Uttrykk</i>	<i>Tal elevar</i>	<i>Tal på dagar</i>	<i>Kommunar</i>
Berre ein spøk	scenekunst	2023	17	Bergen, Lindås, Austrheim, Voss, Kvam, Fusa, Os, Austevoll, Stord, Etne, Askøy
BIFF 2015: In medias res.	film	1253	5	Bergen, Austevoll, Austrheim, Os, Voss, Fjell, Kvam

Designsymfoni	visuell kunst	683	15	Bergen, Askøy, Voss, Ulvik, Fjell
Ismusikk - konsert!	musikk	1667	9	Voss, Fusa, Os, Austrheim, Austevoll, Bergen, Askøy, Lindås, Meland, Sund, Fjell
Kampen om fjordane	film	1465	15	Voss, Bergen, Kvam, Fusa, Odda, Stord, Austevoll, Os, Osterøy, Austrheim, Askøy, Ulvik
Kick på Kinck	litteratur	1940	19	Bergen, Odda, Kvinnherad, Askøy, Fjell, Sund, Kvam, Lindås, Voss
Kjære bror	litteratur	2475	18	Bergen, Bømlo, Stord, Os, Fusa, Kvam, Voss, Fjell, Sund, Askøy
Krim og spenning	litteratur	872	19	Bergen, Os, Fjell, Bømlo, Stord, Askøy, Sund, Voss, Osterøy
PUST! - seks stemmer	musikk	2207	9	Sund, Fjell, Os, Stord, Bømlo, Bergen, Osterøy, Kvam
Sjølvpportrett - Kven er eg? Eit samansett bilete i glas.	visuell kunst	474	28	Fitjar, Bergen, Ulvik, Os, Askøy, Fusa, Voss, Osterøy
Snakk om språk	kulturarv	100	2	Voss
Sånne som oss	scenekunst	779	4	Askøy, Bømlo, Bergen, Osterøy, Austrheim
Til Månen med bestefar	film	0	1	Bergen
U-DUB til ungdommen - unntakstilstanden.	scenekunst	1139	7	Bømlo, Kvinnherad, Bergen, Voss
Skuleåret 2016-2017				
<i>Turnétittel</i>	<i>Uttrykk</i>	<i>Tal elevar</i>	<i>Tal på dagar</i>	<i>Kommunar</i>
BIT Teatergarasjen presenterer	scenekunst	407	4	Fusa, Bergen, Voss, Askøy, Austevoll, Osterøy
Et blikk på hverandre	visuell kunst	66	20	Bergen, Odda, Sund, Fjell, Fusa
Ferdignakka LIVE!	kunstarter i samspill	1400	9	Bergen, Stord, Bømlo, Fjell, Sund, Osterøy, Voss, Os
Hei, eg er eit dikt!	litteratur	1103	23	Bergen, Askøy, Lindås, Bømlo, Os, Kvam, Odda, Austrheim
Hekla mytar - om tekst og identitet.	litteratur	842	19	Bergen, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Stord, Lindås, Askøy, Osterøy
Kunstforedrag - samtidskunst!	visuell kunst	475	8	Bergen, Voss, Fusa, Bømlo
Lokal BIFF 2016: Røter og reiser.	film	1372	5	Fusa, Os, Austrheim, Kvinnherad, Kvam

Lyden av Aurora	kunstarter i samspill	720	10	Lindås, Os, Bergen, Ulvik, Kvam, Osterøy, Austrheim, Fusa
Sjølvpportrett - Kven er eg? Eit samansett bilete i glas.	visuell kunst	482	30	Bergen, Ulvik, Askøy, Voss, Osterøy, Fitjar, Os
Trynet ditt	visuell kunst	288	11	Bergen, Lindås, Voss, Askøy, Sund
Utesiglaren (Helge Jordal m. fl.)	scenekunst	1540	5	Bergen, Austevoll, Bømlo, Lindås, Osterøy.
Å lage musikk kan du òg gjere!	musikk	512	7	Voss, Lindås, Bergen, Stord
Å utforske verda med ord	litteratur	1470	14	Bergen, Os, Lindås, Kvam, Voss
Skuleåret 2017-2018				
<i>Turnétittel</i>	<i>Uttrykk</i>	<i>Tal elevar</i>	<i>Tal på dagar</i>	<i>Kommunar</i>
Det einsame havet (Steinar Thorsen)	scenekunst	648	8	Bømlo, Kvam, Kvinnherad, Bergen, Askøy, Austevoll, Fusa
Edvard Grieg sin Peer Gynt - ei konsertframsyning.	musikk	1230	6	Bergen, Kvam, Askøy, Os, Osterøy
Et blikk på hverandre	visuell kunst	59	20	Sund, Bergen, Osterøy, Stord
Fanga av draumar - Den flygande hollendar	musikk	1596	9	Bergen, Voss, Sund, Fjell, Stord
Knud Knudsen si verd	kunstarter i samspill	701	8	Stord, Kvam, Voss, Os, Bergen
Kven drap Birgitte Tengs?	litteratur	1494	18	Austrheim, Bergen, Stord, Lindås, Os, Fitjar, Bømlo, Sund, Askøy
Lokal BIFF 2017: Heltar. Kor e' alle heltar hen?	film	1225	5	Odda, Kvinnherad, Austevoll, Austrheim, Fjell, Sund
Myke øyne (Artilleriet)	scenekunst	1806	15	Bergen, Osterøy, Kvinnherad, Kvam, Voss, Lindås, Austrheim
Sjukepleiar offshore	kulturarv	751	14	Bergen, Lindås, Fusa, Austevoll, Stord, Austrheim, Voss
Soft Protection - Textiles in War	visuell kunst	185	5	Bergen, Lindås, Fusa
Tracing - Vi lagar klassebok!	visuell kunst	603	22	Bergen, Sund, Fusa, Askøy
"Vi kan ikke hjelpe alle" - frå novelle til kortfilm	film	1281	27	Bergen, Os, Stord, Askøy, Odda, Kvam, Osterøy
Vår ære/Vår makt (Den Nationale Scene)	scenekunst	1726	10	Lindås, Bergen, Bømlo, Fitjar, Kvam, Odda, Askøy, Fusa
While they are floating (Carte Blanche)	scenekunst	269	5	Bergen, Fusa, Voss
Å sjå verda som ny!	litteratur	1418	28	Bergen, Stord, Os, Fusa, Kvam, Odda, Osterøy

Den kulturelle skolesekken vart etablert for grunnskulen i 2001, og i 2007 vart den utvida til også å omfatte vidaregåande skule. Det første året gav Hordaland fylkeskommune tilbod til fem vidaregåande skular, no får alle skulane tilbod. Mange elevar får i dag oppleve profesjonell kunst og kultur i skuletida gjennom Den kulturelle skolesekken, målet er at alle elevar skal få minimum eit kulturelt møte årleg.